

Eksamens

13.11.2020

NOR1212-NOR1232
Norsk sidemål



Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpe-middel	<p>Alle hjelphemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelphemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillate.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at leseren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>Brun, Johan Nordahl. «Norges Skål», 1771. Utdrag https://ndla.no/nb/subjects/subject:19/topic:1:186579/topic:1:176287/resource:1:127267 Nedlastingsdato 15.09.20, språkleg modernisert av Utdanningsdirektoratet</p> <p>Ditlevsen, Tove. «Så tag mit hjerte». <i>Lille verden</i>. København: Gyldendal 1942</p> <p>Dyrhaug, Ivar. «Alt for Norge». https://www.discogs.com/Drillos-Alt-For-Norge/release/7405550 Norsk Plateproduksjon, 1994</p> <p>Eiterjord, Gaute. «Ungdomsopprøret held fram». <i>Dagens Næringsliv</i>, 18.09.2019. https://www.dn.no/innlegg/klima/politikk/energi/ungdomsopprøret-held-fra/2-1-672322</p> <p>Helle, Siri. «Der hendene mine lærer meg eit nytt syn på verda». <i>Med berre nevane. Eit forsvar for praktisk arbeid</i>. Oslo: Samlaget, 2020</p> <p>NHH Noregs Handelshøgskole. «Vil noko meir». Annonse i D2, <i>Dagens Næringsliv</i> 15.05.2020</p> <p>Kleiva, Anna. «Dette er mi gate». <i>Ti liknande versjonar</i>. Oslo: Samlaget, 2011</p> <p>Vesaas, Tarjei. «Ivar Aasen». <i>Dagbladet</i> 18.11.1950. Frå Olav Vesaas (red.): <i>Tarjei i tale. Taler, helsingar og prologar av Tarjei Vesaas</i>. Oslo: Samlaget, 1997</p> <p>Aasen, Ivar. «Om vårt skriftspråk (Om vort Skriftspråg)». Skrive 1836, utgitt i <i>Syn og segn i 1909</i> https://www.aasentunet.no/wp-content/uploads/2019/01/om-skriftspraket-vart-aasen-grepstad.pdf (utdrag) Omsett av Ottar Grepstad</p>
Informasjon om oppgåva	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det fire oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
Informasjon om vurderinga	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Norges Skål», songtekst av Johan Nordahl Brun, 1771, utdrag
- «Alt for Norge», songtekst av Ivar Dyrhaug, 1994

Johan Nordahl Brun skreiv «Norges Skål» i 1771. Han studerte i København og var medlem i ei studentforeining som drøymde om at Noreg skulle frigjere seg frå Danmark. Songen «Alt for Norge» blei skriven til VM i herrefotball i 1994, der Noreg var kvalifisert, og blei kåra til «tidenes mesterskapslåt» i VG i 2014.

Gjer kort greie for nokre av førestillingane om det norske som kjem fram i dei vedlagde tekstane.

Kommentar: Du skal svare på ein presis måte og vise til eksempel frå tekstane.

Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

Oppgåve 1

Vedlegg:

- Utdrag frå *Med berre nevane. Eit forsvar for praktisk arbeid* av Siri Helle, 2020
- Annonsen «Vil noko meir» frå NHH Noregs Handelshøgskole, i *D2* (fredagsmagasinet til avis *Dagens Næringsliv*) 15.05.2020

Samanlikn tekstane, og reflekter over verdiane som kjem fram i dei.

Kommentar: Oppgåva er todelt. I den første delen skal du samanlikne nokre sider ved form og innhald og bruke relevant fagspråk. I den andre delen skal du reflektere sjølvstendig over verdiane som kjem fram i dei to tekstane.

Oppgåve 2

Vedlegg:

- «Så tag mit hjerte» av Tove Ditlevsen, 1942
- «Dette er mi gate» av Anna Kleiva, 2011

Tolk og samanlikn dikta.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald og bruke relevant fagspråk.

Oppgåve 3

Vedlegg:

- «Ungdomsopprøret held fram» av Gaute Eiterjord, leiar i Natur og Ungdom. Frå *Dagens Næringsliv* 18.09.2019

Gjer greie for hovudsynspunktet i vedlegget, og analyser teksten. Bruk omgrep frå retorikken.

Kommentar: Du skal formulere hovudsynspunktet på ein presis og sjølvstendig måte. Når du analyserer, skal du forklare gjennom å bruke relevant fagspråk og vise til konkrete eksempel.

Oppgåve 4

Vedlegg:

- «Om vårt skriftspråk (Om vort Skriftspråk)» av Ivar Aasen, 1836, utdrag
- «Ivar Aasen» av Tarjei Vesaas, *Dagbladet* 18.11.1950

Den første av dei to vedlagde tekstane er skrivne før nynorsken blei skapt, den andre hundre år etter. Skriv ein resonnerande tekst der du tar utgangspunkt i dei to vedlegga og reflekterer over kva for verdiar som kjem fram i Ivar Aasens språkprosjekt.

Kommentar: Du skal bruke eksempel frå dei vedlagde tekstane og kunnskap du har om norsk språkutvikling, når du skriv.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpe-midler	<p>Alle hjelpe-midler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpe-midler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.</p>
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>Brun, Johan Nordahl. «Norges Skål», 1771. Utdrag https://ndla.no/nb/subjects/subject:19/topic:1:186579/topic:1:176287/resource:1:127267 Nedlastingsdato 15.09.20, språklig modernisert av Utdanningsdirektoratet</p> <p>Ditlevsen, Tove. «Så tag mit hjerte». <i>Lille verden</i>. København: Gyldendal 1942</p> <p>Dyrhaug, Ivar. «Alt for Norge». https://www.discogs.com/Drillos-Alt-For-Norge/release/7405550 Norsk Plateproduksjon, 1994</p> <p>Eiterjord, Gaute. «Ungdomsopprøret held fram». <i>Dagens Næringsliv</i>, 18.09.2019. https://www.dn.no/innlegg/klima/politikk/energi/ungdomsopprøret-held-fra-2-1-672322</p> <p>Helle, Siri. «Der hendene mine lærer meg eit nytt syn på verda». <i>Med berre nevane. Eit forsvar for praktisk arbeid</i>. Oslo: Samlaget, 2020</p> <p>NHH Norges Handelshøyskole. «Vil noko meir». Annonse i D2, <i>Dagens Næringsliv</i> 15.05.2020</p> <p>Kleiva, Anna. «Dette er mi gate». <i>Ti liknande versjonar</i>. Oslo: Samlaget, 2011</p> <p>Vesaas, Tarjei. «Ivar Aasen». <i>Dagbladet</i> 18.11.1950. Fra Olav Vesaas (red.): <i>Tarjei i tale. Taler, helsingar og prologar av Tarjei Vesaas</i>. Oslo: Samlaget, 1997</p> <p>Aasen, Ivar. «Om vårt skriftspråk (Om vort Skriftspråk)». Skrevet 1836, utgitt i <i>Syn og segn i 1909</i> https://www.aasentunet.no/wp-content/uploads/2019/01/om-skriftspraket-vart-aasen-grepstad.pdf (utdrag) Oversatt av Ottar Grepstad</p>
Informasjon om oppgaven	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det fire oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
Informasjon om vurderingen	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Norges Skål», sangtekst av Johan Nordahl Brun, 1771, utdrag
- «Alt for Norge», sangtekst av Ivar Dyrhaug, 1994

Johan Nordahl Brun skrev «Norges Skål» i 1771. Han studerte i København og var medlem i en studentforening som drømte om at Norge skulle frigjøre seg fra Danmark. Sangen «Alt for Norge» ble skrevet til VM i herrefotball i 1994, der Norge var kvalifisert, og ble kåret til «tidenes mesterskapslåt» i VG i 2014.

Gjør kort greie for noen av forestillingene om det norske som kommer fram i de vedlagte tekstene.

Kommentar: Du skal svare på en presis måte og vise til eksempler fra tekstene.

Del B Langsvarsoppgaver

Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

Oppgave 1

Vedlegg:

- Utdrag fra *Med berre nevane. Eit forsvar for praktisk arbeid* av Siri Helle, 2020
- Annonsen «Vil noko meir» fra NHH Norges Handelshøyskole, i D2 (fredagsmagasinet til avisens *Dagens Næringsliv*) 15.05.2020

Sammenligne tekstene, og reflekter over verdiene som kommer fram i dem.

Kommentar: Oppgaven er todelt. I den første delen skal du sammenligne noen sider ved form og innhold og bruke relevant fagspråk. I den andre delen skal du reflektere selvstendig over verdiene som kommer fram i de to tekstene.

Oppgave 2

Vedlegg:

- «Så tag mit hjerte» av Tove Ditlevsen, 1942
- «Dette er mi gate» av Anna Kleiva, 2011

Tolk og sammenlign diktene.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold og bruke relevant fagspråk.

Oppgave 3

Vedlegg:

- «Ungdomsopprøret held fram» av Gaute Eiterjord, leder i Natur og Ungdom. Fra *Dagens Næringsliv* 18.09.2019

Gjør greie for hovedsynspunktet i vedlegget, og analyser teksten. Bruk begrep fra retorikken.

Kommentar: Du skal formulere hovedsynspunktet på en presis og selvstendig måte. Når du analyserer, skal du forklare gjennom å bruke relevant fagspråk og vise til konkrete eksempler.

Oppgave 4

Vedlegg:

- «Om vårt skriftspråk (Om vort Skriftspråk)» av Ivar Aasen, 1836, utdrag
- «Ivar Aasen» av Tarjei Vesaas, *Dagbladet* 18.11.1950

Den første av de to vedlagte tekstene er skrevet før nynorsken ble skapt, den andre hundre år etter. Skriv en resonnerende tekst der du tar utgangspunkt i de to vedleggene og reflekterer over hvilke verdier som kommer fram i Ivar Aasens språkprosjekt.

Kommentar: Du skal bruke eksempler fra de vedlagte tekstene og kunnskap du har om norsk språkutvikling, når du skriver.

Norges Skål

Strofe 1 og 4

For Norge, kjempers fødeland,
Vi denne skål vil tømme,
Og når vi først får blod på tann,
Vi søtt om frihet drømme;
Dog våkner vi vel opp engang
Og bryter lenker, bånd og tvang;
For Norge, kjempers fødeland,
Vi denne skål uttømme!

Og nok en skål for Norges fjell,
For klipper, snø og bakker!
Hør Dovres ekko rope: «Hell!»
For skålen tre ganger takker.
Ja tre ganger tre skal alle fjell
For Norges sønner rope hell;
Enda en skål for deg mitt fjell,
For klipper, snø og bakker!

Av Johan Nordahl Brun, 1771, utdrag
Språklig modernisert av Utdanningsdirektoratet

kjemper: vikinger
Dovre: kjent fjell i Norge
hell: til lykke

Alt for Norge

Norge er et vakkert land
med fjell og daler
hav og strand
men våre vintrer kan bli kalde
Grønne slør og nakne trær
varsler at en tid er nær
som byr på spenning for oss alle
Våre beste menn
skal
ut i strid igjen

Vi gir alt
alt for Norge
ofrer alt
om vi må
Vi er
røde, hvite, blå
Hele kampen ut skal vi stå på
for Norge
vårt fedreland

Vikingene satte spor
røver folk som kom fra nord
men vi har endret våre baner
fra vårt hjem på Ullevaal
reiser vi med nye mål
og vi er bedre enn de aner

Våre beste menn
drar
ut i strid igjen

Vi gir alt
alt for Norge
ofrer alt
om vi må
Vi er
røde, hvite, blå
Hele kampen ut skal vi stå på
for Norge
vårt fedreland

Lojaliteten er total
vi slåss med høy moral
for Norge

Sangtekst av Ivar Dyrhaug, 1994



NHH



VIL NOKO MEIR

Kva kjenneteiknar dei som driv verda framover? Kva er det som gjer at dei startar eigne selskap og revolusjonerer bransjar? Det er fordi enkelte menneske ikkje berre vil noko – dei vil noko meir.

Noregs Handelshøgskole har sidan 1936 vore eit samlingspunkt for nokre av dei mest målretta menneska i landet. Ein av grunnane til dette er at vi vil litt meir på vegner av studentane, kandidatane og førelesarane våre. Vi ønsker at dei som går på NHH, skal få inspirasjon til å skape noko eige og finne motivasjon til å betre det eksisterande. Vi ønsker at dei skal setje seg hårete mål og ta på seg krevjande oppgåver. Fordi NHH er meir enn det som står på timeplanen.

Det er staden for alle dei som vil noko meir.

Der hendene mine lærer meg eit nytt syn på verda

Kva skjer med kroppen når han ikkje lenger vert brukt til jamleg fysisk arbeid? Kva skjer med hendene våre, og kva skjer med samfunnet vi har brukt tid og krefter på å skape?

Ein gong var vi alle reipslagarar. Då flekte vi bork av lindetre om våren, la han i blaut over sommaren og laga lindebasttau av dei ferdig oppbløytte fibrane. Vi kjende kvar millimeter av det ferdige produktet og visste kva det var godt for, og kor mykje arbeid som låg bakom. Difor tok vi òg vare på det, og difor var vi ikkje redde for å få heise borna våre opp i det. Vi leit på det vi kunne. I dag kan vi ikkje lenger — og lyt i staden lite på CE-merkinga.

Når vi ikkje lenger kan byte ein glidelås, lyt vi lite på billege bukser på butikken. Di færre dekk vi skiftar, di mindre veit vi om bilen som vi lit livet vårt på. Di færre som veit kor mykje arbeid som ligg bakom å skifte eit vindauge eller dyrke ein blomkål, di vanskelegare vert det for snikkaren og bonden å få rettferdig betalt. Slik kunne eg halde på lenge.

For denne overgangen — at fleirtalet av oss har gått frå produsentar til konsumentar, frå skaparar til tenkarar, frå praktikarar til teoretikarar — er ei av dei største endringane i vårt moderne samfunn. Likevel snakkar vi ikkje særleg mykje om det.

Moderne vestlege menneske er opplærte til å handsame eitt spesialisert lønsarbeid, og elles kjøpe det vi treng for å leve. Ikkje berre er vi ikkje skapte for dette — dei fleste av oss vil ikkje eingong ha det slik.

Men vert vi på noko vis oppfordra til å utvikle dei nyttige, praktiske, kloke hendene våre? Vi gjev smarte unge menneske råd om å velje liv bak ein kontorpult, medan dei mindre skuleflinke kan få eit praktisk yrke.

Ingen er likevel fødd handverkar. Alle må lære. Og det å få lære — å gå frå å vere därleg til å verte betre og til slutt god nok, å kunne eit handverk — det kan ikkje omtalast på nokon annan måte enn som noko heilt spesielt.

Meistringskjensla. Å få øksa til å treffe vedkubben der eg vil, ikkje berre éin gong, men kvar gong, gav meg ei meistringskjensle eg ikkje kan jamføre med så mykje anna.

Utdrag frå/fra sakprosaboka *Med berre nevane. Eit forsvar for praktisk arbeid* av Siri Helle, 2020

CE-merking: CE-merket er produsentens garanti for at alle direktiv/direktiver om tryggleik/sikkerhet er oppfylte.

Så tag mit hjerte

Så tag mit hjerte i dine hænder,
men tag det varsomt og tag det blidt,
det røde hjerte – nu er det dit.

Det slår så rolig, det slår så dæmpet,
for det har elsket, og det har lidt,
nu er det stille – nu er det dit.

Og det kan såres, og det kan segne,
og det kan glemme og glemme tit,
men glemmer aldrig, at det er dit

Det var så stærkt og så stolt, mit hjerte,
det sov og drømte i lyst og leg,
nu kan det knuses – men kun af dig.

Av Tove Ditlevsen, frå/fra *Lille verden*, 1942

dette er mi gate

dette er mi gate
sa du eller
her bur eg
kva visste eg eigentleg
om di gate, vi sto inntil eit
hushjørne eller
vi var heilt åleine
i forsommaren
og kva visste eg eigentleg
om døra til blokka di
kor mange trappetrinn
det er opp til leilegheita
fargen på namneskiltet eller
blodet banka på hos
leppene mine, kinna
fingertuppane hang som
bringebær, overmodne
forstår du
sa eg eller
det var det eg ville seie, eg vil seie
at eg er umetta, umetteleg, bankande

Av Anna Kleiva, frå/fra *Ti liknande versjonar*, 2011

Ungdomsopprøret held fram



Foto: Håkon Mosvold Larsen/NTB Scanpix

Av Gaute Eiterjord, Natur og Ungdom

I fleire tiår har me visst om klimakrisa, og kva som trengst for å løyse ho. Likevel har politikarane latt vere å handle. Nå rammar ekstremveret oss, og vindauget for å unngå dei verste klimaendringane er i ferd med å lukke seg.

Det er ikkje så rart at ungdommar protesterer. I år har det vore tre nasjonale skulestreikar for klima, kor over 60.000 norske ungdommar har deltatt totalt. I heile verda er det millionar som har deltatt, i over 130 land på alle verdas kontinent. Kvifor skal me studere for ei framtid som me ikkje får?

Det fremste kravet til klimastreiken i Noreg har vore å stanse oljeleitinga. For sjølv om olja dei siste tiåra har betydd mykje for Noreg, er den nå eit hinder for omstilling. Oljeproduksjon er den største kjelda til klimagassar i Noreg, og me er verdas sjuande største eksportør av klimagassar som koker kloden.

Det betyr at det er på høg tid å gi oljeeventyret ein lykkeleg slutt.

Då Noreg fann olja i 1969, vann me det geologiske lotteriet. Me hadde lure politikarar som gjorde at fellesskapet naut godt av inntektene. Men det som var rett i 1969, er ikkje nødvendigvis rett i 2019. Det me treng i 2019, er politikarar som ikkje lukkar

auga, men som seier at nå har me funne nok olje. I staden for å leite etter meir olje bør me starte ei god omstilling og bruke den kunnskapen me har til å skape arbeidsplassar som ikkje koker kloden.

Det er dette svaret klimastreikande ungdom burde fått, men ønska våre blir ikkje hørt. I staden får me meir av det som har skapt klimakrisa. Då regjeringa fekk ei bompengekrise i fanget, mangla det ikkje på evna til å finne løysingar — kvifor skal det vere så sjukt mykje vanskelegare å ta vare på miljøet?

Det er sjokkerande at me i 2019 har ei regjering kor olje- og energiministeren sryter av å sette rekord i utvinningsløyve til oljeindustrien. At me har ein statsminister som seier at «den som skal sløkke lyset på norsk sokkel er ennå ikkje fødd». Eller at klima- og miljøministeren vår er bekymra for at FNs naturpanel slår fast at artane blir utrydda i eit tempo me aldri har sett maken til, samstundes som regjeringa slepper oljeindustrien til i sårbare område ved Bjørnøya, iskantsonen eller Trænarevet.

Fram til politikarane sluttar med dette hykleriet — å snakke om at klimakrisa er viktig, samstundes som dei held fram med det som øydelegg framtida vår — vil ungdom fortsette å protestere. Miljøengasjementet som ungdom har vist så langt i år, er ikkje noko blaff — ungdom organiserer seg som aldri før, og sidan nyttår har Natur og Ungdom fått nesten 3000 nye medlemmar.

I november tar me klimakampen til rettssalen når klimasøksmålet kjem opp i Borgarting lagmannsrett. Oljeboring i Barentshavet er eit klart brot på miljøparagrafen i Grunnlova som gir alle rett til miljø. Det burde ikkje vore nødvendig at me måtte ta kampen for noko som burde vore så sjølv sagt — at me har rett til ein natur og eit klima som er like bra som det dei vaksne har fått nytte godt av.

Men når politikarane sviktar, har me ikkje noko val, me må bruke alle middel me har — også rettsvesenet — til å kjempe for vår framtid. Me kjem ikkje til å gi oss før me blir hørt.

Innlegg i *Dagens Næringsliv* 18. september 2019

Om vårt skriftspråk (Om vort Skriftspråk)

I 1836 skrev Ivar Aasen artikkelen «Om vort Skriftspråk», men sjølv offentleggjorde han aldri denne teksten. Då Aasen skreiv dette, var dansk det einaste skriftspråket i Noreg. Her forklarer Aasen korleis han meinte at ein burde gå fram for å finne eit nytt norsk språk, men han visste enno ikkje at det var han sjølv som måtte gjere dette arbeidet. / I 1836 skrev Ivar Aasen artikkelen «Om vort Skriftspråk», men selv offentliggjorde han aldri denne teksten. Da Aasen skreiv dette, var dansk det eneste skriftspråket i Norge. Her forklarer Aasen hvordan han mente at man burde gå fram for å finne et nytt norsk språk, men han visste enda ikke at det var han selv som måtte gjøre dette arbeidet.

Føremålet mitt er ikkje med dette å framheve ei einskild av dialektane våre. Nei, inga slik bør vere hovudspråket vårt, for det språket bør vere ei samanlikning av og eit grunnlag for alle dialektane. For å fullføre dette burde det lagast ordsamlingar for alle dei større områda i landet, med grammatikalske opplysningar og visse ordforklaringsar. Til å gjere dette burde vi oppmuntre dei som ikkje berre trur dei kan, men også verkeleg kan allmugespråket. Desse ordsamlingane skulle så sendast inn til eit selskap skipa av språkkyndige menn, som samanlikna og valde ut. Etter at hovudspråket var fastsett, måtte dette selskapet lage ei fullstendig norsk ordbok og likeins ein grammatikk. Denne nye språkforma burde ein likevel absolutt ikkje påby eller presse på nokon. Ein skulle heller oppmuntre til at språkforma blir brukt, men elles la kvar og ein bruke det nye eller gamle slik ein finn det for godt.

Av Ivar Aasen, 1836. Omsett/oversatt av Ottar Grepstad.

allmugespråket: folkespråket

Ivar Aasen

Det går mangt eit menneske
og ser seg fritt ikring
for Ivar Aasens skuld
– den stille og vise
nedbrytaren av grenser,
den rolege og sikre
oppbyggaren i eit folk.

Det klåre ljoset
attved sanningane,
med bod om kven vi er,
og kva vi sjølve har,
og at vi alle bur her.
Så enkelt at ein
aldri tenker på det,
som når døra heime
let seg opp.

Vi takkar den hand
som lyfter opp vårt eige,
i land og by.
I land og by,
løynt eller ope
er vi heimkjære djupt i vår hug.

Det er alt lenge sidan,
sidan hans logne lyn
– og skiftet går.
Vi kjenner det i dag
som han har alltid funnest.
Vi kviler mot ein bakgrunn
som er han.

Underleg det som søv.
Og underleg den som vekker det.
Ivar Aasen og vi andre
vart dette vakre samspel.

ope: opent/åpent

løynt: skjult

logne: stille, rolege/rolige

Av Tarjei Vesaas, Dagbladet 18.11.1950. Prolog ved ei 100-årsmarkering for den første utgåva/utgaven av Ivar Aasens «Ordbog over det norske Folkesprogs».

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete underveis.

Lykke til!

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!